



Rolf Vabø
Rishaugane 4
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2427 - 16/26860

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2016

Godkjenning av tiltaksplan på gbnr 137/215 - Alver

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:Rolf Vabø

Søknadstype: Søknad om godkjenning av tiltaksplan jf Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 2-8.

Saksutgreiing

I forbindelse med lekkasje og forureining av grunnen på gbnr 137/215 er det utarbeida ei tiltaksplan for opprydding.

Det vart i 2015 avdekka oljelekkasje og ved oppgraving av oljetank vart det funnet brudd på eit røyrskjøt. Tanken har ikkje vore i bruk sidan 2013.

Innsendte tiltaksplan er utarbeida av GEO247. Det er i denne opplyst kva grunnundersøkelser som er utført, det er gjort rede for moglege spredning til rundtliggande eigedomer og kva tiltak ein ser naudsynt for å oppnå ønska miljøkvalitet.

Plan for utbetring og begrensing av forureining

Det er allereie starta opp gravearbeid der den gamle oljetanken var plassert. I alt er det opplyst at 8 tonn masser er fjerna. Omfang av ytterligere gravearbeid er avhengig av grad av spredning i grunnen, men det kan vere aktuelt å grave opp masser fram til VA-leidning i nordaust på tomte. Det er i tiltaksrapporten anbefalt å fjerne forureina masser som overgår tiltaksklasse 2 (ref.Miljødirektoratets retningslinjer «Helsebaserte tiltaksklasser for forurenset grann» frå 2009).

Det vert nytta stadbasert analyse dersom ein ser at det vert naudsynt og utover dette nyttast luktobservasjonar for å skilje mellom rene og forureina masser.

Transport av forureina masser

I tiltaksplanen skal det gå fram korleis de forurensede masser vert handtert på en miljømessig forsvarleg måte.

Redegjørelsen skal syne om massene leverast ved godkjent deponi eller behandlingsanlegg.

Mellomlagring av masser på eit anna område eller eigedom enn der tiltaket gjennomførast,

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



krevje løyve etter forureiningslova frå Fylkesmannen.

Disponering av forureina masser på eigeidomen er tillatt så lenge det innebærer at normverdi, bakgrunnsnivå eller akseptkriteriar for de ulike brukskategoriene ikkje er overskredet.

Det er i tiltaksrapport opplyst at massane skal transporterast til Fana Stein og Gjenvinnigstasjon, Fanaveien 221,5239 Rådal. Det er anbefalt at massane vert transportert i periodar med minimal nedbør for å unngå spreidning.

Sluttrapport

Det skal utarbeidast ei sluttrapport jf § 2-9 i Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta). I denne skal det ligg føre analyseresultat, dokumentasjon på levering av masser til godkjent deponi, rapport som redegjør kva arbeid som er gjort for å oppnå ønska miljøkvalitet i grunnen, og dokumentasjon på at dette nivået nå er oppnådd.

Leidningar i grunn

Vi gjer merksem på at det må takast hensyn til leidningar og røyr i grunn. Alt arbeid som vert utført må ikkje føre til brudd på, eller slitasje som seinare kan føre til brudd på leidningar og røyr.

Terrengingrep

Arbeidet medfører vesentleg terrengingrep på tomta. Det må difor søkjast om løyve etter Plan- og bygningslova jf § 20-1 bokstav k. Det vert gjeve fritak i frå nabovarsel jf.pbl § 21-3 annet ledd. Ein finn at det er eit akutt behov for å rydde opp i grunnen, og at dette også vil sikra naboers interesser.

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om begrensing av forureining(forureiningsforskrifta) § 2-5 vert det gjeve løyve til å utføre tiltak i form av terrengingrep og bortføring av forureina masser på gbnr 137/215. Løyve vert gjeve på følgande vilkår:

1. Massane skal leverast til godkjent deponi eller behandlingsanlegg
2. Det skal takast prøver av grunn etter at tiltaket er utført, og analyseresultat skal fremleggast i sluttrapport som sendast inn til kommunen.
3. Etter fjerning av forureina masser skal det fyllast igjen og sikrast med nye masser.
4. Tiltaket må ikkje medføre brudd på eller skader/slitasje på røyr og leidningar i grunn.
5. Det skal utførast ei sluttrapport som sendast inn til kommunen. I denne skal det gå fram:
 - kva arbeid som er utført
 - dokumentasjon på at grunnforholdet har oppnådd tiltaksklasse innafor helsebaserte akseptkriteriet
 - dokumentasjon på at området der masser er fjerna er no fylt igjen med nye masser og tomta er tilstrekkeleg sikra.
 - analyseresultater
 - dokumentasjon på at masser er levert til godkjent deponi eller behandlingsanlegg

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2427

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova eller forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

GEO247 v/Sissel Tvedten

Frognerveien 10 0257

OSLO

Mottakarar:
Rolf Vabø

Rishaugane 4 5911

ALVERSUND